



Til: **Fitjar kommune**

Frå: **Styret i foreininga «Håkon den Gode – Fitjar»**

## **Søknad om støtte til prosjektet «Håkon -den gode kongen»**

Styret i Håkon den gode – Fitjar takkar for positiv handsaming av vår førre søknad om tilskot. Eit slikt prosjekt er avhengig av positiv medverknad frå kommunen. Kommersielle samarbeidspartnarar stiller alltid spørsmål om den kommunale medverknaden til prosjektet. Med løyvinga på kr. 200 000 i fjar, ligg den kommunale løyvinga noko under kva andre samarbeidspartnarar har gjeve i tilskot. Dette går det sjølvsagt an å gjer noko med.

Med dette som bakgrunn leverer me ein ny søknad om å bli teken med i Fitjar kommune sin økonomiplan for perioden 2024 – 2027.

### **Sidan førre søknad.**

I april arrangerte Håkon den gode eit møte der me sökte etter samarbeidspartnarar under overskrifta «Bygdaenergi Fitjar». Siktemålet med møtet var å hente ut idear og ressurspersonar som kan være gode å ha på lista over enkeltpersonar og/eller grupper av ressursar som kan knytast til arbeidet med det nye teaterstykket. Det var stor entusiasme og mange gode idear til korleis bygdafolket kan gje sitt bidrag til prosjektet.

Det har vore møter med ungdomsrådet i kommunen som fekk ei orientering om prosjektet og oppmading om ”å melde seg til teneste når spørsmål om deltaking kjem. Ungdommane synte interesse for kva som er på gang, og har det med seg i oversikt over kva som kan være artig å være med på til våren.



Skule- og barnehageadministrasjonen er også orientert om at Håkon den gode vil være eit aktuelt emne i det komande skule/barnehageåret.

Omlag 80 interesserte var til stades på dagen 1 år før premieren – 29. august – for være med på å avduke Fitjar sitt analoge informasjonspunkt – kopi av garasjedøro frå den gamle brannstasjonen i sentrum. Etter eit par tunge løft av Flakke-Trud (ein kvinneleg karakter i stykket), lukkast det å avduke ei flott, raudmåla oppslagstavle. Håkon den gode – Fitjar sin ide med tavla er å

ha eit samlingspunkt som er uavhengig av folk sin dugleik på sosiale medier og andre informasjonskanalar som krev ferdighet i det digitale universet. Tavla er tilgjengeleg 24/7, og det er ope for alle å henge opp plakatar og meldingar. Prosjektet treng tavla for å spreie informasjon om aktivitetar som treng å samle folk.

### Arbeidet går framover.

Skrivegruppa som arbeider med manus er i kontinuerleg arbeid. I dette arbeidet hentar dei inn råd og vink frå profesjonelt hald. Manusfundamentet ser sjølvsagt bygd på dei sogene og forteljingane som ligg til grunn for historia om Håkon den gode, men rådgjeving frå dramautviklarar er med på å løfte manuset i retning meir drama og meir humor. Styret og skrivegruppa har som mål å ha eit mest mogeleg ferdig manus innan utgangen av året.

Me er no komen til eit tidspunkt der mange avgjerder som bind prosjektet økonomisk skal takast. Me held på med sluttføring om avtale om bistand til manusutvikling og avtale om regi. Me har von om at me får med oss husregissøren ved Haugesund teater, Ida Høy. Ho skriv og regisserer eigne dramaproduksjonar, og ho er kjend som ein god regissør av fleire utandørs spel, m.a. «Marispelet» på Rjukan og spelet om «Anna i ødemarken» i Engerdal. ([IDA HØY \(idahoy.net\)](http://IDA HØY (idahoy.net)))

Me fører også drøftingar med musikkprodusentar og komponistar som me - på eit tidspunkt - må gjere økonomisk forpliktande avtalar med.


Det betyr at prosjektet er over i ein meir ansvarleg og krevjande prosess der me bind oss til kostnader.



Styret arbeider også kontinuerleg med å få på plass fleire samarbeidspartnarar som ynskjer å gje Fitjar nye aktivitetar å engasjere seg i og ta del i. Me er svært nøgde med bl.a. å ha fått Sparebanken Vest med på laget.

### Status

Styret arbeider no med rekruttering av lokale ressursar både til skodespelarar, folk til å planleggje og byggje arena når den tid kjem og grupper som skal førebu kostymelogistikk, sy nye kostymar og leige inn kostymemateriell som finst andre stader, og som me treng til stykket på Fitjar.



Bjørn Haaland er ein sentral kunnskapsbank med røynsle frå dei første oppsetjingane av Håkonarspelet «Kongen med gullhjelmen». Bjørn har det som trengst av dokumentasjon på historikken som er naudsynt for ei mest mogeleg rasjonell organisering og ein lettast mogeleg tilgang til verdfulle nøkkelpersonar. Bjørn har teke på seg rolla som produsent og koordinator for produksjonen, noko som gjer at styret kjenner seg tryggare på at prosjektet vil bli vellukka.

### Oppsummert

Styret i Håkon den gode – Fitjar vonar Fitjar kommune framleis er positive til å støtte prosjektet med eit beløp som løftar kommune si deltaking i prosjektet opp på nivå med dei kommersielle aktørane som så langt har bunde seg til finansiell medverknad. Styret i HDG ser fram til å kunne peike på Fitjar kommune som ein heilt vesentleg samarbeidspartnar i arbeidet med å knyte bygda endå tettare til namnet Håkon den gode. Hans kongedømme var første trinn i arbeidet med å førebu Noreg på eit samfunn der humanistiske og kristne verdiar vart lagt til grunn for eit lovregulert og demokratisk styresett.

**Håkon den gode – Fitjar søker med dette om eit tilskot med kr. 100 000 frå Fitjar kommune i 2024.**

På førehand takk for positiv handsaming av søknaden!



Fitjar 11.09.23

Venleg helsing frå

Terje Gloppen (Styrelseiar)